

Notat

Dato: 11.09.2017
Arkivsak: 2016/943-22
Saksbehandlar: mattorg

Tillegg til sak "Oppstart av interkommunal plan etter Pbl §9-1 1. ledd for innkorting av ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Vedtak i Kvinnherad kommune

Fylkesrådmannen er blitt kjent med at etter sak om «*Oppstart av interkommunal plan etter Plan- og bygningslova § 9-1 1. ledd for innkorting av ferjesambandet Stord-Kvinnherad*» vart sendt til politisk handsaming, gjorde Kvinnherad kommunestyre slikt vedtak 31. august (sak 49/2017):

1. *Kvinnherad kommunestyre tek forprosjekt for ferjestø Djupavikneset til vitande, og konstaterer at dette ikkje let seg gjennomføre.*
2. *Kvinnherad kommunestyret meiner at vidare arbeid med ny løysing for ferjesambandet mellom Kvinnherad og Stord (Ranavik – Skjersholmane) er viktig og må prioriterast.*
3. *Kvinnherad kommunestyre ønskjer ein vidare planprosess der både Regional plan eller Interkommunal plan er aktuelle. Rådmannen får fullmakt til å gå i dialog med administrativt nivå i Stord og i Hordaland fylkeskommune, for å utarbeide eit framlegg til planprosess som vert å legge fram for politisk handsaming så raskt som råd.*
4. *Kvinnherad kommunestyret bed om å bli orientert om framdrift i kvart kommunestyremøte inn til anna vert vedteke.*
5. *Kvinnherad kommune utpeikar:*
 1. *Ordførar*
 2. *Hilde Enstad, Ap*
 3. *Otto Benjaminson, KrF**som representantar for Kvinnherad kommune i ein eventuell planprosess.*

I fylkesrådmannen sitt saksframlegg er det lagt opp til at kvar av partane, Stord kommune, Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune, oppnemner to representantar kvar til politisk referansegruppe. Utval for miljø og samferdsel innstilte såleis på to representantar i sak 86/2017. Når Kvinnherad kommune legg til grunn tre representantar i politisk referansegruppe, må også Stord kommune oppnemne 3 representantar. Det må følgjeleg vurderast om også Hordaland fylkeskommune bør oppnemne tre representantar i politisk referansegruppe for planarbeidet. Etter fylkesrådmannen si vurdering er det ikkje ei absolutt føresetnad at fylkeskommunen aukar talet på representantar tilsvarande det som er lagt til grunn i vedtaket i kommunestyret i Kvinnherad. Fylkesrådmannen viser til at kommunane i ein interkommunal plan er planstyresmakt, og vil ha særskild behov for forankring av planarbeidet.

Fylkesrådmannen går inn for at den politiske referansegruppa vert utvida med tre representantar kvar for kommunane Stord og Kvinnherad.

Etter det fylkesrådmannen kjenner til, blir det lagt opp til at formannskapet på Stord oppnemner medlem i politisk referansegruppe i møte 4. oktober.